

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I ULSTEIN

1. EIGAR OG DRIFT

Almejordet barnehage og Sundgotmarka barnehage er eigde av Ulstein kommune og skal drivast i samsvar med lov 17.juni 2005 nr. 64 om barnehager (*lov om barnehager*), med forskrift og departementet sine merknadar, i tillegg til kommunale vedtak og årsplan for barnehagen.

Ulstein kommune er ansvarleg for drift av kommunale barnehagar.

Levekårsutvalet er næraste folkevalde organ som er ansvarleg for barnehagespørsmål. Administrativt er barnehagen lagt til kommunalsjef for oppvekst og kultur. Styrar i barnehagen har det administrative og faglege ansvaret for den daglege drifta. Innanfor ramma av lov og føresegner kan kommunedirektøren gjere administrative endringar.

2. FØREMÅL OG INNHOLD

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Lov om barnehager §1)

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

(Lov om barnehager § 2 første ledd)

3. FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL (SU)

Barnehagen skal ha foreldreråd og samarbeidsutval. For foreldreråd og samarbeidsutval, gjeld føresegner jf. § 4 *lov om barnehager*.

Samarbeidsutvalet (SU) skal ha seks medlemar, alle med personleg vararepresentant. Foreldrerådet, dei tilsette og eigar har to representantar kvar. Styrar er eigar sin representant, og har ansvar for innkalling og referat. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett. Funksjonstida til kommunen sin valde representant følgjer kommunevalperioden. SU konstituerer seg sjølv.

Alle som handsamar saker etter *lov om barnehager*, har teieplikt i samsvar med § 44.

4. OPPTAK

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn ved hovudopptak. Kommunen skal jf. § 17 i *lov om barnehager* legge til rette for ein prosess for samordna opptak.

Barn som er tildelt plass og bur i Ulstein kommune, beheld plassen til 31.juli det året dei startar på skule. Dersom barna flyttar til ein annan kommune i løpet av barnehageåret, vil dei miste plassen etter enda barnehageår.

Ved hovudopptak samarbeider styrarane i kommunale og private barnehagar og oppvekstkontoret om det endelege opptaket til barnehageplass, etter innstilling frå styrar i kvar einskilde barnehage.

Klagerett ved hovudopptak og supplerande opptak, går fram av § 6 i forskrift om reglar for sakshandsaming ved opptak i barnehage. Klaga vert handsama under kommunalsjef for oppvekst og kultur. Dersom klaga ikkje vert tatt til følgje, skal ho handsamast av Ulstein kommune sitt klageorgan for barnehagesaker jf.§ 8 i forskrift.

4.1 OPPTAKSKRINS

Opptakskrins for dei kommunale barnehagane er Ulstein kommune.

4.2 SØKNAD – FRIST FOR Å SØKE

Søknad om plass skal fremjast på elektronisk søknadsskjema. Dette ligg på Ulstein kommune si heimeside: www.ulstein.kommune.no.

Søknadsfrist for hovudopptak er 1.mars.

Barn som ønsker overflytting til ein anna barnehage i kommunen, søker på elektronisk søknadsskjema innan 1.mars.

Barn som ikkje har rett til plass eller som søker etter fristen, vert sett på venteliste.

Det er høve til å søke om plass utanom hovudopptaket.

Supplerande opptak vert gjennomført dersom det er ledige plassar.

4.3 RETT TIL BARNEHAGEPLASS

Retten til barnehageplass går fram av § 16 i *lov om barnehager*.

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, eller barn som er eldre, har rett til å få plass i barnehage dersom dei søker til hovudopptaket 1.mars og ønsker plass frå august

Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år, jf lov med forskrift.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der barnet er busett.

4.4 BARN MED RETT TIL PRIORITET jf. § 18 lov om barnehager.

Barn med nedsett funksjonsevne, med tilråding frå sakkunnig hald.

*Barn med vedtak etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 anna og fjerde ledd
Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.*

4.5 OPPTAKSKRITERIA

Ulstein kommune har følgjande opptakskriteria i prioritert rekkefylgje:

1. Barn med rett til prioritet jf. § 18 lov om barnehager (jf. punkt 4.4.)
2. Søsken til barn som har plass i barnehagen komande barnehageår. Gjeld søsken med rett til plass.

3. Andre barn på søkarlista. Det skal her nyttast loddtrekking innan grupper av alder.

*) Til pkt. 1, må det leggest ved vurdering/tilråding frå sakkunnig instans (t.d. lege, PPT, barnevernsteneste).

4.6 OPPSEIING OG ENDRING AV PLOSS.

Oppseiing av plass skal skje på elektronisk skjema. Oppseiingstida er to månadar frå den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Dette gjeld også for reduksjon av plass. Dersom barnehagen får fylt opp plassen før oppseiingstida er ute, fell krav om betaling for meir enn ein måned vekk.

5. OPNINGSTID

Barnehageåret er frå 01.08-31.07.

Barnehagen er open måndag – fredag, mellom kl. 06:45 – 16:30 (Opningstida kan etter nærare vurdering i samarbeidsutvalet, tilpassast brukarbehovet, innanfor opningstida).

Barnehagen har fem planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Barnehagen er då stengd. Planleggingsdagane vert ikkje rekna som feriedagar.

Barnehagane vert stengt dei to siste vekene i juli dersom det ikkje er minimum 12 barn som har behov for barnehageplass desse to vekene. Tilbodet kan avgrensast til ein barnehage. Dette kan føre til at barn må byte barnehage i denne perioden.

6. FERIE

Alle barn skal ha minst fire veker ferie i løpet av eit barnehageår. Tre av vekene skal vere samanhengande og avviklast i tidsrommet 15.06-14.08. Den fjerde veka kan leggest til jul/påske når barnehagen har stengt. Barn som byrjar på skulen må ha avvikla ferie innan utgangen av juli.

Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05 i inneverande år.

7. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Ulstein kommune følger norm for leike- og opphaldsareal pr. barn i barnehage:

4 kvadratmeter pr. barn over 3 år

5,3 kvadratmeter pr. barn under 3 år.

Berekning av areal tek utgangspunkt i dei barna som faktisk er til stades og dei romma som faktisk står til disposisjon for barna sine aktivitetar.

8. FORELDREBETALING

Statens maksimalpris for foreldrebetaling gjeld i alle barnehagar. Betaling av kostpengar kjem i tillegg. Det skal betalast for 11 månadar. Juli er betalingsfri måned. Det vert ikkje gitt fråtrekk for fråvær, heller ikkje for dei dagane barnehagen er stengd.

Det vert gitt 30 % søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50 % for barn nr. 3. Moderasjonen omfattar søsken som bur fast saman.

Kommunen har ordning for fritak eller reduksjon i foreldrebetaling og fritak for foreldrebetaling for 20 timar pr. veke jf. § 3 Moderasjonsordning i forskrift om foreldrebetaling.

Det vert kravd full betaling sjølv om barnet har fråvær på grunn av sjukdom eller andre årsaker, eventuelt med unntak av rettar etter lov og forskrifter. Dispensasjon frå betaling kan verte gitt etter søknad i kvart einskilt tilfelle.

Faktura på foreldrebetaling vert sendt ut kvar månad med forfall den 20., for den månaden betalinga gjeld. Manglande betaling etter purring vil kunne føre til oppseiinga av plassen.

9. HELSEKONTROLL AV BARN OG PERSONALE

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggst fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinær kontroll på helsestasjonen, kan føresette gi slik erklæring. Dersom ikkje, skal lege gi slik erklæring.

Barnehagen sitt personale har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll jf. gjeldande regelverk.

(*Lov om barnehager* § 50)

Barnehagen følger Folkehelseinstituttets retningslinjer ved sjukdom hos barn.

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

10. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Det går fram av § 44 i *lov om barnehager* at reglane om teieplikt i forvaltningslova §§13 til 13f gjeld for all barnehageverksemd. Alle tilsette skal skrive under erklæring om teieplikt når dei tek til i jobben.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta jr. § 45 og § 46 i *lov om barnehager*.

Skriftlege opplysningar/informasjon om barn i barnehage skal oppbevarast i elektronisk arkiv og i samsvar med arkivlov med forskrift.

11. INTERNKONTROLL

Ulstein kommune har i samsvar med § 9 *lov om barnehager*, utarbeidd handbok for internkontroll. I tillegg til denne har kvar barnehage egne rutinar for internkontroll.

12: FORSIKRING

Barn har kollektiv ulykkesforsikring som gjeld for opphaldstida i barnehagen og på direkte veg mellom heimen og barnehagen.

13. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Endring i vedtektene skal leggst fram i levekårsutvalet for endeleg avgjerd, etter å ha vore handsama i samarbeidsutvalet i barnehagen.

Prinsipielle og vesentlege endringar skal handsamast av kommunestyret. Vedtektsendring krev vanleg fleirtal.